

## Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

### Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	21.11.2016
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	5-2016

#### Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
<a href="#">36/16</a>	Godkjenning av protokoll frå møtet 5. september 2016
<a href="#">37/16</a>	Orientering frå kommunalsjef Personal og utvikling
<a href="#">38/16</a>	Orientering om føreløpige rekneskap 2016 og økonomiplan 2017 - Bjerkreim kommune
<a href="#">39/16</a>	Invitasjon til samarbeid knytt til forvaltningsrevisjonsprosjekt vedr. Interkommunal PP-teneste i Dalane
<a href="#">40/16</a>	Orientering om dei viktigaste reglane om habilitet
<a href="#">41/16</a>	Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2016
<a href="#">42/16</a>	Kontrollutvalet sin årsplan for 2017
<a href="#">43/16</a>	Statusoversikt pr. november 2016
<a href="#">44/16</a>	Orientering om planlagt revisjon for revisjonsåret 2016

#### Referatsaker/[meldinger](#)

Periode:		05.09.2016 - 21.11.2016
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
<a href="#">6/16</a>	16/00162-19	Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020 for Bjerkreim kommune
<a href="#">7/16</a>	16/00163-7	Melding om vedtak - Plan for selskapskontroll 2017-2020 for Bjerkreim kommune
<a href="#">8/16</a>	14/00005-16	Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging Dalane Miljøverk
<a href="#">9/16</a>	14/00042-15	Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging selskapskontroll Lyse AS
<a href="#">10/16</a>	16/00315-9	Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging Politiske vedtak 2. halvår 2015

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 16.11.2016

*Magne Vaule*  
Kontrollutvalsleiar

*Per Kåre Vatland*  
Sekretariatet

[Medlemsoversikt](#)

## **36/16 Godkjenning av protokoll frå møtet 5. september 2016**

Arkivsak-dok. 16/00154-9  
Arkivkode. 033  
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	36/16

Protokollen frå møtet 5. september 2016 vert lagt fram til formell godkjenning.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte 5. september 2016.

SANDNES, 16.11.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Protokoll Bjerkreim-05-09-2016.pdf](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

[Til sakslista](#)

## **37/16 Orientering frå kommunalsjef Personal og utvikling**

Arkivsak-dok. 16/00158-10  
Arkivkode. 027  
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	37/16

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet vedtok i møte i 6. juni 2016 og invitere kommunale til å kome i kontrollutvalet for å orientere om verksemda på sine område. Kontrollutvalet ynskja til dette møte å invitere Kommunalsjef personal og utvikling Bodil Heskestad til å orientere om sitt område.

### **Saksutgreiing**

Kontrollutvalet har gitt fyljande stikkord om kva de ynskjer å høyre nærmare om:

- Avdelinga sin plass i organisasjonen
- Tale på tilsette i avdelinga
- Kva tenester som avdelinga leverar
- Avdelinga sitt budsjett og rekneskap
- Tankar om framtida
  - Rekruttering av medarbeidarar til kommunen
  - Utfordringar i høve til rekruttering
  - Utvikling av kommunen in organisasjon

Me setter av 30 – 45 min til orienteringa medrekna tid til spørsmål frå utvalet

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tek orienteringa frå kommunalsjef personal og utvikling til orientering.**

SANDNES, 16.11.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

[Til saklista](#)

## **38/16 Orientering om foreløpige rekneskap 2016 og økonomiplan 2017 - Bjerkreim kommune**

Arkivsak-dok. 16/00158-11  
Arkivkode. 027  
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	38/16

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har ein lovfesta rett til å knyta kommentarar til kommunes årsrekneskap før dette vert behandla av formannskap og kommunestyre. Som eit ledd i kontrollutvalets tilsyn med rekneskapet vert derfor økonomisjef/rådmann invitert til kontrollutvalet for å orientera om arbeidet med rekneskap og budsjett for utvalet.

### **Saksutgreiing:**

Det er ikkje kravd i lov og forskrift at kontrollutvalet skal behandla kommunens rekneskapsrapportar. Kontrollutvalet gir derfor ikkje innstilling til kommunestyret i slike saker, men tar dei til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet gis i forbindelse med behandling av årsrekneskapen.

Det vil bli orientert om foreløpig rekneskap for 2016 samt om forslag til budsjett for 2017.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tek administrasjonen si gjennomgang til orientering.**

SANDNES, 16.11.2016

*Per Kåre Vatland*  
Seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

[Til saklista](#)

## **39/16 Invitasjon til samarbeid knytt til forvaltningsrevisjonsprosjekt vedr. Interkommunal PP-teneste i Dalane**

Arkivsak-dok. 16/00371-1  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	39/16

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet i Eigersund har bestilt eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til PP-tenesta i Dalane. PP-tenesta er eit samarbeidsprosjekt mellom dei fire kommunane i Dalane, og kontrollutvalet i Eigersund inviterer derfor dei andre samarbeidskommunane til å delta dersom dei ønskjer det.

### **Saksutgreiing:**

Revisor har i sitt utkast til prosjektmandat føreslått at føremålet med prosjektet skal vera *å sjå nærare på PP-tenesta sitt samarbeid med barnehagar og skular i det individ- og systemretta arbeidet.*

Med bakgrunn i dette føremålet, vert det føreslått å sjå nærare på desse problemstillingane:

- Kva for mål styrer PP-tenesta etter og kva for resultat oppnår den?
- Kva kjenneteiknar prosessen frå eit særlig behov vert fanta opp til konkrete tiltak vert sett inn?
- Kva kjenneteiknar arbeidet PP-tenesta gjer i barnehagane og på skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å sikra barnehagebarn og skuleelevar eit tilrettelagt tilbod?
- Korleis opplever PP-tenesta og samarbeidspartnarane samhandlinga?
- Kva for forbettringsmuligheiter ligg føre i tenesta sitt individ- og systemretta arbeid?

Slik prosjektmandatet nå ligg føre, er det kostnadsrekna til 250 timar. Revisor har gitt eit foreløpig kostnadsoverslag for kommunar som sluttar seg til på ca. 50 timar pr. kommune.

Kontrollutvalet kan om dei ønskjer å delta leggja til spesielle problemstillingar som dei ønsker å ta med ut over dei som er føreslått. Det kan påverka den omtala timeprisen.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim vil delta på den planlagde forvaltningsrevisjonen knytt til PP-tenesta i Dalane, i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre og med dei eventuelle tillegg/presiseringar som kom fram i møtet.

SANDNES, 16.11.2016

*Wencke Sissel Olsen*  
Daglig leder

Vedlegg:

[RR Eigersund 2016 PP tjenesten - Mandat](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

[Til sakslista](#)

## **40/16 Orientering om dei viktigaste reglane om habilitet**

Arkivsak-dok. 16/00159-4  
Arkivkode. 033  
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	40/16

### **Bakgrunn**

I samband med sak om orienteringer/opplæring for det nye kontrollutvalet i denne perioden, var eitt av temaa ein gjennomgang og drøfting av habilitetsreglane.

### **Saksutgreiing**

Gjennomgangen av habilitetsreglane vil gi ei oversikt over dei viktigste habilitetsreglane og korleis ein som både folkevald og tilsett skal gå fram dersom det vert reist spørsmål om habilitet. Det er dagleg leiar i sekretariatet som har denne gjennomgangen.

Det vert lagt opp til at medlemmene kan stilla spørsmål undervegs i gjennomgangen.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar gjennomgangen av habilitetsreglane til orientering.](#)**

SANDNES, 16.11.2016

Wencke Sissel Olsen  
Daglig leder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

[Til saklista](#)

**41/16 Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2016**

Arkivsak-dok. 16/00315-10  
 Arkivkode. 033  
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	41/16

**Bakgrunn**

Sekretariatet ber kvart halvår administrasjonen i Bjerkreim å leggje fram ein enkel havårleg rapport om status på politiske vedtak. Rapporten skal òg leggast fram for kommunestyre etter at den er behandla i kontrollutvalet.

**Saksutgreiing**

Sekretariatet har motteke oversikter over vedtak fatta i første halvår 2016. Det er laga egne rapportar for LMT-utvalet, levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret, samt ei restanseliste for saker frå 2014 og 2015 som ikkje var avslutta. Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontrollutvalets saker 1. halvår 2016.

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta eller under arbeid.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle saker innvilga/godkjent eller vidaresendt andre for sluttbehandling. Ei sak vedr. søk nad om næringsfond er innvilga, men ikkje utbetalt.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er alle sakene innvilga/godkjent eller sendt vidare til andre for sluttbehandling. Ei av sakene – Detaljreguleringsplan Fjermedal syd – venter ennå på 2. gongs behandling. Det er og ei sak som blir oppgitt å vera på «vent" der det framleis løper dagmulkt. Status for sakene går fram av vedlegget.

For *kommunestyrets* del er alle sakene godkjent. Ei av sakene er sendt Fylkesmannen, som har stadfesta kommunen sitt vedtak.

Det er og lagt fram ei omfattande liste over *ikkje avslutta saker* i 2014 og 2015, der det går fram av vedlegget kva som er status i sakene pr. rapporteringstidspunktet (oktober 16).

*Kontrollutvalet* sine saker er enten iverksett eller under arbeid, for 1. halvår gjaldt det m.a. dei nye planane. Sjå elles vedlegget.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2016 til orientering

Saka vert vidaresend kommunestyret i Bjerkreim til orientering



SANDNES, 16.11.2016

Wencke Sissel Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:  
[Oppfølgingsoversikter](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

[Til sakslista](#)

## **42/16 Kontrollutvalet sin årsplan for 2017**

Arkivsak-dok. 16/00166-1  
Arkivkode. 146  
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	42/16

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker faste og kjende aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet og inngår som ein del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret.

### **Saksutgreiing**

Planen gir ein kort oversikt over lovbrunnlaget for kommunen si kontroll og tilsynsverksemd og korleis den er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandling i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet reknar med å arbeide med i året som kjem.

Planen si oversikt over oppgåver for komande år er basert på kva som er kjent i dag. Samstundes er planen likevel så fleksibel at kontrollutvalet kan gripa fatt i saker som oppstår undervegs i året. Planen er ikkje statisk, og det kan bli naudsynt å flytta på saker av ymse grunner.

Som nemnt er årsplanen òg ei del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedtekne årsplanen blir difor send kommunestyret til orientering.

Sekretariatet vil innarbeida eventuelle endringar i planen før den vert vidaresendt til kommunestyret.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar årsplanen for 2017. Vedtatt plan vert send kommunestyret til orientering.](#)

SANDNES, 16.11.2016

*Wencke Sissel Olsen*  
Daglig leder

Vedlegg:  
[Utkast til årsplan](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

[Til sakslista](#)

## **43/16 Statusoversikt pr. november 2016**

Arkivsak-dok. 16/00290-13  
Arkivkode. 217  
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	43/16

### **Bakgrunn**

Statusoversikta er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går over fleire møter. Den omhandlar først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar, som vert følgt frå dei vert bestilt og fram til kommunestyrets vedtak knytt til rapporten er endeleg følgt opp. Andre type saker som krev oppfølging vil og bli tatt med i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

### **Saksutgreiing**

Målet er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene så lenge dei er under behandling. Oversikta er utarbeidd slik at den òg viser kva saker utvalet har arbeidd med i inneverande kommunestyreperiode.

Under denne saka kan kontrollutvalet ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert lagt opp til at dersom revisor er til stades, kan revisor under denne saka gje utvalet orientering om status på prosjekt revisor arbeider med og avklara endringar om dette er nødvendig.

Det er ingen endringar til dette møtet.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikt pr. november 2016 til orientering.](#)

SANDNES, 16.11.2016

*Wencke Sissel Olsen*  
*Daglig leder*

Vedlegg:

[Statusoversikt](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

[Til sakslista](#)

## **44/16 Orientering om planlagt revisjon for revisjonsåret 2016**

Arkivsak-dok. 16/00156-5  
 Arkivkode. 026  
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
I Kontrollutvalet i Bjerkreim	21.11.2016	44/16

### **Bakgrunn**

Kommunelovas § 77, 4. ledd seier at kontrollutvalet skal ”*påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert gjennomført ved at revisor rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging og gjennomføring/oppsummering av arbeidet. I dette møtet vil revisor presentera overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegg årets revisjon.

### **Saksframstilling**

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisjonen kvart år utarbeida en plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføra for å kunne bekrefte rekneskapen. Då dette er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor vil i staden gi ei munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka.

Revisor skal og årleg leggja fram ei egenerklæring om revisors uavhengighet i høve til Bjerkreim kommune. Denne vart lagt fram på forrige møte, jfr sak 34/16.

I tillegg vert det anbefalt at revisor klargjer innhaldet i revisjonen i kvar valperiode sjølv om dette også går fram av selskapsavtalen. Kommunen er i utvikling, faglig og organisatorisk – det same gjeld for revisjonen og rammevilkåra. Sidan det er varsla endringar i kommunelov-utgreiinga sitt arbeid, har revisor venta til nå med å gi denne erklæringa. Revisor gjer merksam på at det er varsla auka fokus på eigenkontroll og ei mulig utviding av oppfølging av løyvingar, noko ein vil koma attende til om det skjer lovendringar. Engasjementsbrevet ligg ved.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tar revisor sin gjennomgang av planlagt revisjon for 2016 til orientering.**

SANDNES, 16.11.2016

*Wencke Sissel Olsen*  
 Daglig leder

Vedlegg:  
[Engasjementsbrev Bjerkreim 2016](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.*

[Til saklista](#)

**Referat-/meldingssaker:**

6/16 Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020 for Bjerkreim kommune

7/16 Melding om vedtak - Plan for selskapskontroll 2017-2020 for Bjerkreim kommune

8/16 Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging Dalane Miljøverk

9/16 Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging selskapskontroll Lyse AS

10/16 Vedtak meldingssak Kst: Oppfølging Politiske vedtak 2. halvår 2015

[Til sakslista](#)